Nr. 1 april 1897

Fridom

Tidskrift for Sjølvjelp og Sjølvstyre

Blastyrar: *Ivar Mortenson*

Inhald:

Fyremaal.
Likskap, fridom, brorskap.
Kongstanken.
Ein ljosveg (eit stykkje av soga um Garborg).
Tri vejer.
Ein offentleg mann.

Dette hefte kostar kr. 0.50.

Oslo Prenteverk.
Akersgata 73 b.

Nye lagsmenner

i det norske Samlaget for 1897 fær attpaa anten Det nye Testamente paa landsmaal og Katekisma ved *dr. E. Blix*, Vossa-Stubba av *Per Sivle* og Lauvduskar VI, **elder** andre aargangen av ***Syn og segn*** (1896) med tillegsbok (fyrste helfti av Njaals saga, umsett av *Olav Aasmundstad*), elder um dei attaat aarspengarne (4 krunor) sender inn $2^1/_2$ kr. til, kan dei endaa ogso faa attpaa fyrste aargangen (1895) med tillegsboki Englands saga til 1080 av *Arne Vestrum*.

„Den 17de Mai"

(Norskt folkeblad)

Kjem 3 gonger i vika

Kostar kr. 1.10 fjordungaaret

Nye tingarer fær fritt til seg sendt det som er kome av den forvitnelege forteljingi «*Naa-siglaren*».

Held dei bladet aaret ut, fær dei desutan atpaa «*Ben-Hur*», ei forteljing um Kristus.

Fridom

Blastyrar: Ivar Mortenson

Nr. 1 | Kan tingast paa alle posthus aa i ekspd. Oslo Prenteverk, Akersg. 73 b, *Kristiania*. 2 kr. aare. 6—8 hefte (minst 12 ark). — Redaksjonsadresse: Einabu, *Litlelvdalen*, Norig. | 1897

Fyremaal.

D'æ ikje alting stelt her i verda som dæ skulde vera. Mykje vantar nok paa dæ.

Arbeias maa dæ til aa finne utvejer, saa her blir framkjømt i villskogen aa levande for menneskja.

«Fridom» vil vera med aa brøyte veg.

Likt maa dæ vera for alle til aa kunne ta seg fram aa bruke evna sine. Ikje likskap paa den maaten at den eine ska vera som den andre, like go baade i eit aa anna aa ingen koma lenger en den andre. Men like vilkaar med fri tevling for alle krefter som vil jera noko.

Fridom for alle til aa arbeie, koma fram aa leva.
Fridom for alle mein som stengjer aa skyggjer.

Kva er det daa som stengjer aa skyggjer?

Mangmannen trykkjer. Faae vil *heiltut* dæ som mangmannen set ijenom. Vondt æ dæ for den som hev noko for seg sjølv aa fylje store flokken. Folkemeining, skik aa bruk, tillærde setningar, alt trykkjer aa skumpar aa føykjer

ein avsta som ein vindgufs, saa ein maa vera sterk den som paa fotom ska staa.

Einmannen trykkjer, den som sit i høgt velde, den som styrer tauman, den som jøymer nyklane.

Fridom til aa vekse aa vitras, kvar etter sine vilkaar, kvar plante med si serhøvelege jord aa serhøveleg ljos aa varme.

Fridom for dei som hev same hugmaal aa arbeislag til aa ringe seg ihop, uta at andre blandar seg in i dæ.

Ein kan langt naa dersom dei som hev same trong aa traa stemner saman.

Tankar kan klaaras, fyremaal bli faste aa ymse tiltak kan setjas i verk.

Men dæ ein sjølv ikje kan naa dæ jev ein ikje op, dæ glør i hugen.

Ein fast grun maa ein staa paa, med visse krav. Ut ifraa dæ legg ein sit arbei. Men dæ som ein ikje heilt kan faa in i dagsstræve, dæ lever ein paa med trua, dæ blir religion.*)

Aa trua ska halde mote oppe aa jera dæ smaa til stort og dæ som ruver stort til smaat.

«Fridom» vil freiste meir aa byggje op en rive ned. Kan dæ nye faa gro saa fell dæ andre av seg sjølv naar dæ blir for gamalt.

Han vil ikje vera talsman for nokon klasse, men for alle baade høg aa laag som stundar etter meir luft under vengjom.

---

*) Det gjeng i same leia som *Malatesta* seier: Like vilkaar æ vaar basis, fridom vaar metode, solidaritet endemaale.

Likskap, fridom, brorskap.

I over hundra aar hev dæ susa jenom lufta, fraa den eine enden av verda til den andre, ein triklungen ljo, som hev vori den jupe undertone i al song aa læte, ei trifalda drivkraft lik vaarens varme, ljos aa væte — mannasjæler hev dei vakt til liv aa rørsle, samfund hev dei mergsett aa kveikt liv i daue bein

— likskap, fridom aa brorskap.

* * *

Va dæ ikje desse tri systrane som fyrst i aarhundrae ogsaa kom op til Norig aa fekk folke til aa morgne seg aa mannas aa gav alle eldhug aa mot?

Dei va dæ som sto fadrar ved Eidsvoldsverke, aa dei hev bori os paa hendene sine ifraa daa me va smaae aa til den dag idag.

Men no? Held me paa aa vekse ifraa dei? Sviv dei bare som attikomne gamlegoer? Eller hev dei endaa tonar aa synge som kan faa hjarta til aa bivre aa hugen til aa styrkjas?

* * *

Eg sette meg fyre at eg vilde søkje op dei gamle aa vitje dei.

Aa eg sveiv aat tia sine yste grenser, der budde dei i eit lite hus med ein hage framfyre.

Sveipt i eit blaat tjeld kom straks fram den eine. Ho tok til ords:

«Ajei ajei, kor her ser ut. Dei briskar seg aa dei breier seg aa den eine vil framom den andre. Like jorde Vorherre dei alle men *hans* verk sæter nok ikje for *dei*. Armo aa vesaldom flyt ut over alle grenser, men rik-

mannen sit med haugar fulle i alle fat aa unner ingen andre uta seg sjølv. Kara aat *seg* aa svelte dei hine. Rive ihop baade jord aa pengar aa goss aa gull. Arbeisman stakar maa stræve som ein maur. Aa hine fær alting til jevandes. Dei slit seg ikje ut, men skarvord slengjer dei dagen lang aat den som maa træle aa bala for at dei kan bli rike.

Nei proletar, du maa krevje din ret aa gaa paa kvast med kniv som kan bita.

Rive dei ned, dei æ mattjuvar alle. Eta dei vil, men aldri noko jera.

Trø dei i knas, tyne dei tilsaman, tak i saa hardt saa uretferda maa skrike.

Hemn over dei store byrge bausan. Velte ned muran aa trampe paa tufta.

Bygg saa eit slott der alle fær rom aa alle kan leva, aa alle trivas aa hava dæ gott.»

* * *

Den andre systra sat aa lydde gløgt med den fyrste tala. No reiser ho seg, kvitklæd, høg aa harm.

«Kjære syster,» seier ho, «no du talar uvits ord.

Vaarherre du tok og i verde med. Han skulde jort menneskja like?

Bruk auga du blinding aa sjaa deg ikring.

Sjaa furuskogen bak stoga. Ja like æ dei alle dæ bel dei æ smaa. Daa dreg dei jamt av luft aa jord. Men naar dæ lii uti opvekstre, some æ flotar en hine aa stel ifraa den som mindre æ. For fullt der æ, saa mange maa tynas, ska ikje alle i nukken staa.

Dei smaa maa tormas aa tunnas aar for aar aa falle bort, ein no ein daa. Dei store tek sola aa ljose aa breier tette greiner over dei andre som syp etter luft aa døyr ein

ynkeleg dø til næring for dei som leva ska aa vekse op til kjemper.

Mannaheimen æ lik ein skog der alt slag mun vekse, einer aa taarnris, gran aa eik.

Eller æ dæ betre med vokstrjamne teigar, der alt æ saat av same slag, trea like høge, rekna ut mengda for kvart eit maal?

Ja av trevyrkje fær du nøgda, men laus bli veen, malmtre du fin kje, jorda bli arm.

Eller som ein hage der alt æ klypt aa jamna med soks aa spae i lange raer aa rette linjer?

Friskleiken æ borte.

Skulde likskapen vera dæ fyste? Ovund æ han fraa arme sjæler som ikje toler at andre magnas meir en dei sjølve.

Men eg seier: fell dæ som stort æ, grorrikt aa friskt, daa merg aa mandom vil tynas paa jord, alt forkomas i vesaldom.

Nei fridom æ dæ som live krev til vokstr aa sæle.

Fridom for alt som liv æ lagje, fridom for den store, fridom for dei smaa.

Sjaa paa trea, sjaa paa dyra, sjaa paa alt som heve liv. Millom dæ som ungt æ, nyfød eller nyrunne, du likskap fin ofte saa mykjen at snaut du skilje kan eit fraa anna, men i vokstren alting skil seg ut i ham aa haatt, sprikande til kvar sin kant, kvar sugande net dæ av al naturens rikdom som ein mun trenge for sit individuelle liv.

Æ kje mannaheimen ogsaa slik ei verd? Ifraa negerheilen til den jartereine klaare tankens man som seg mun nære meir av Guds ord en av brø?

Din likskap æ som blaae vatne som saa jamt seg breier over alle ting. Men liv aa lengsle druknar i flaumen.

Døypas maa alt liv i vatn. Likskap maa dæ til i denne meining: like vilkaar for kvar ein til heimen kjem, like ret

til nære seg aa suge kraft av moderjord aa mannaheimens rikdom. Dæ som over detta æ, dæ æ av vondo.

Men døypas maa dæ og i aand eld.

Aa fridom æ dæ pinsever som vekkjer dau or dvale aa fær lauv aa blom til sprette fram med fagre leter.«

* * *

Daa ris ho op den trie systra. I rau silkje æ ho sveipt. Sagte skri ho fram, saart æ mæle.

«Jarte syster,» seier ho, «kor du talar harde ord.

Kaldklaare æ dine tankar som ei mainat, som ein isbjøn trampar du iveg, blogga æ dine hender, lik æ under dine føter.

Som ein skog æ fridomen din, som ein skog full av alle slag dyr aa fuglar: der æ mus, der æ gaupe: der æ spurv, der æ ørn. Kvar æ væpna, kvar hev si verje. Kor vert saa fridomen din? Æ dæ fridom til aa leva? Nei, til aa verje seg, til aa drepa. Til krig vert din fridom omskapt. Ulv aa hauk fær frie omkring, mus aa spurv pip ynkeleg i sine holer.

Magthug æ fridomen din.

Men naar magthug bryner spjot aa mannasløgd lagar jøymsler, tru ørnekloa daa æ kvassare, tru revehie daa æ løyndare grave?

Dyra jeng i flokkar, kvart slag verjer sine, bare ulven reikar einsleg aa sparar ikje sin eigen bror. Som ulvar fær menneskja ikring, tann mot tann, klo mot klo mun dei rivas.

Men no vil *eg* tala. Jev gaum, eg vil opne naturens bok, dulde krefter vil eg syne. Den grunnkraft vil eg syne som alting held oppe som elles maatte forgaa.

De fann skrevi: «strien for live» aa ut De ropa: «fridom i strien», aa ulvehaatten jekk dyk i bloe.

Men meir stend skrevi i den underfulle bok: samhald i strien, dæ æ dæ fyste vilkaar for liv blant stein aa vokstrar, i dyrerikje aa mannaheim.

Kva æ *eit* sandkorn? Straks vatne fløymer dæ bort. Men naar tusenvis stend samstelt dei lagar eit berg som stansar den striaste straum.

Eit halmstraa aaleine vilde bli tynt av fuglar aa dyr. Men dei mange millionar som dekkjer ein aaker stend som ein hærfylking trygt.

Ein maur aaleine æ veslaste kryp som paa jorda fær, men heile tuva som samstelt stend æ ei magt saa stor at baade dyr aa man maa vike.

Lat bare naturens dulde kraft faa skirne i mannavitet aa De vil faa under aa sjaa.

Æ kje dei uttenkte vaapn aa reiskapar i mannaheimen tusen gong betre en dei som æ dyra medjevne? Dersom no menneskja la den same omhug paa aa fremje samhaldsmidlan som dei hev lagt paa aa fremje krigs- aa arbeismidlan, trur De ikje daa at dei minst vilde koma i jamhøgd med mauren?

Men eg vil opne ein handel, ein broderihandel. Mønstre æ teikna paa dæ eine hyrne av duken paa dæ at onnuge hender aa agtsame augo kan med varlege sting saume dæ ut. Eg jev bort mine mønstersaumar til kvar som vil eige dei.«

I heimen æ syskjen mange.

Men storebror æ ikje lei mot veslen, som i vogga ligg aa tøyer ut smaa hender. Varleg tek han veslen i fang aa sullar med han dagen lang.

Syster hev slik toneflaum i bringa. Ingen sturer for dæ. Alle hender jelper til at ho maa faa ut aa temje sit maal.

Ingen syter kostnaen at ho ska faa meir en dei andre. Dei seier: me fær dæ nok att; d'æ som ein omn, naar sjølv han bli opglød han vermer dei andre.

Bror hev slik hagleik til fingran aa nøyte, grundar paa aa temje vind aa vatn, vil saa jenne ut aa hegder læra. Ingen syter kostnaen. Dei seier: me fær dæ nok att; d'æ som eit ljos, naar sjølv dæ bli kveikt dæ lyser for andre.

I skog aa mark jeng gutane, med jentene steller i huse. Dei byter arbei som kvar hev hug aa evne til. Den sterke maa tyngda taka aa kjenner seg sæl; den veike slepp unda med letto aa oner vel. Aa alle fær net dæ dei treng, saa langt dæ mun rekke, av nøgda flust, av dæ sjeldfengde den som best dæ høver, den som hev torva mest.

Kvar æ herre i sit eige arbei, som ei serskild grein paa dæ store tre. Men alle greiner fær livsens saft fraa den samfengde straum som renn lik bloe fraa rot til top, aa kvar ei grein syg næring av ljos aa vatn aa somarvarmen aa dreg tilbøles i moderheimen. Aa tree veks'e himelhøgt, saa stort aa sterkt aa fagert.

Som mergen i tree aa bloe i kroppen, som brorskapsbande i huslydsflokken, som samhengskrafta i berg aa stein, som samstelte flokken i skog aa paa eng, som fylkingskynde i dyreheim

— saaleis æ mønstre som in æ teikna paa alle hyrne av duken min.

Som vassdropan om vaaren i april maane, dei droplar aa dryp baade dag aa nat, dei tiner aa tærer paa snø aa

is, aa vatne seg samlar paa alle marker, smaabaan byggjer skuter, trur dæ æ have

— dæ æ likskap aa likskaps menn.

Som maivinden, snart kald snart varm, som turkar marki aa susar aa sjelv i furutop, men lytt stend smaaskog inunder

— saaleis æ fridom aa fridoms menn.

Men junisola maa renne ein gong med ljos som æ uta skugge aa varme som naar baade rot aa top ja seg heilt ned i jordjupe trengjer. Fraa fjel til fjøra, fraa himmel til jord or løyndoms jup kjem dei skapande krefter som jev uta maal av ukjend rikdom aa under jer for lengtande flokkar.

Aa nye æver ovras for heimslyden.»

Kongstanken.

«Sjaa, der kjem dagar seier herren, daa eg vil jera ei ny pakt med Israels hus aa Juda hus. Ikje etter den pakt som eg jorde med deira fedrar, den dagen daa eg tok dei ved handa til aa føra dei ut or Ægyptar-land; den pakta braut dei.

Men dette æ den pakta som eg vil jera med Israels hus etter dei dagar, seier Herren:

Eg vil jeva mi lov i deira hug aa skrive ho i deira jarta, aa eg vil vera deira Gud aa dei ska vera mit folk.

Aa dei ska ikje lære kvar sin næste aa kvar sin bror seiande: kjenn Herren! for dei ska alle kjenne meg baade

smaae aa store, seier Herren, for eg vil tiljeva deira misjerder og synda deira vil eg ikje lenger minnas.»*

Desse ord av profeten Jeremias tykkjer eg æ noko av dæ jupaste i heile dæ gamle testamente. Trykt av trengsler paa alle sier aa saar i hug over lagnaen aat jødane lyfter han seg op over al skodde i heimen aa ser jenom klaar luft lysande tindar langt borte som ikje nokot menneskje kunne drøymt om.

Attover i tia aa framover i tia, hundravis av aar leikar langsyne hans, alt som fins beint under han bli som ein liten prik, den store samanhengen millom førti aa framti den æ dæ som tek han med seg heilt i draum aa von.

Den pakt jødane hadde med Gud aa som dei va saa byrge av fordi dei meinte at Gud hadde jort alt saa mykje jildare for dei en for alle andre folk med prestar aa kongar aa gudelege aa verdslege tilstellingar — han agter alt dette mest for ingen ting mot dæ store som eingong va aa dæ som ska bli endaa mykje større.

Store tier va vel dæ daa Gud sjølv tok folke ved handa aa førde dei ut fraa Ægypten, store tier imot no daa ein mengde sjølvkloke styrarar lae seg millom aa flutte Gud paa avstand. Men likevel smaat imot dæ som ska koma.

I den gamle pakt som jødane hadde sto Gud som ein veldig konge som gav reglar aa tilsetningar i dæ endelause, aa ingen kunne spyrje om grunnen til at han kravde dæ aa aa dæ, alle maatte blindt lystre. Dæ va liksom naar ein streng far tala til smaae baan som endaa ikje hadde vit nok til aa forstaa.

*) Jer. 31, 31—34.

Ikje slik ska det bli i framtia naar folke æ vakse fram til full manndom, for daa ska dæ bli ei ny pakt som med frie myndige menn, ikje tvang, men semjer, frie avtalar ska daa bli samfundsregelen. Lover aa tvangsbo ska falle bort, ein vil ikje lenger faa mange lovbøker aa gaa til for aa finne kva som æ ret, ein vil bare faa *ei* lovbok, sit eige jarte.

Dæ ska ikje lenger trengjas at ein maa gaa til læraren aa styraren for aa lære Guds vilje, alle ska bli oplyste nok til aa suge visdom or si eiga bringe, baade smaa aa store; dei ska ijen bli Guds folk; ingen annan, korkje øvsteprest eller konge, ska med paaskot av aa vera millommann kalle folke for sin eigedom aa skilje dæ fraa Gud. Dæ gamle ord om eit folk av kongar, eit prestelegt folk ska ijen koma til sin rett.

For alle ska faa dæ reine samvit aa den trygge kjensla av at ingen ting av synd aa skam stengjer vegen fram til Gud.

Men slik som Jeremias saag dæ i aanden, med han bygde bru millom dei gamle frie tider, daa inge styremagter hadde trælka folke aa dei komande tier med endaa større fridom — paa same maaten kom dæ litt om sen fram i hugen paa dei beste av Israels søner med draum aa von om aa bli fri kvar trældom aa alle vera Guds prestar paa jorda.

Av slike tankar va dæ netop at Jesus va jenomglødd i den store stunda daa han reiste seg i synagogen i Nasaret aa til aa lesa op dei sterke ord av profeten Esaias om salvinga fraa dæ høge til aa bera fram goe tiender til dei fatige, til aa lækje dei hugsaare, til aa forkynne fridom for dei fangne,

syn for dei blinde, utløysning for dei trælbundne, til aa forkynne Herrens hugsame aar.

Herrens hugsame aar, sabbatsaare aa jubelaare, daa der etter gamal skik skulde ropas ut fridom for alle som bur i lande, fridomsaare som dæ og vart kalla daa den trælbundne vart jeven fri aa rik aa fatig va like — dette aare ska no byrje, ikje bare som eit einskilt aar men for alle tier, dæ va dæ som Jesus med guddomsmot ropar ut med desse ord: «idag æ dette skriftord opfylit for øyrom daare.»

Herrens hugsame aar, dæ nye rikje Gudsrikje, som skulde kolstøyte aa avløyse alle andre rikje, som Daniel saag dæ lik ein stein kasta av usynlege hender mot eit bilæte aa knasa jarn, kopar, leir, sylv aa gull, aa dæ kom ein som ein menneskjeson, aa honom vart jevi herredøme aa ære aa rikje aa alle folk, nasjonar aa tungemaal ska tene han — dette rikje æ nær, tia æ fulkoma, vende dyk om aa tru paa den goe tiend, — saaleis foor Jesus aa preika med eld aa glo ut over heile Israels land.

Aa kven skulde saa kongen i dette nye rikje vera?

Kongen dæ va han sjølv.

Som ein hervinnar foor han omkring fraa bygd te bygd for aa vinne folk til sitt rikje. Folk sanka seg kringom hans fanemerkje i tusenvis, aa alt etter tvo aar kunne han dra mot hovustaden Jerusalem, reise in i byen jenom opne portar som ein konge i ein hervunnen by, med alle folk laag for hans føter.

Men kva va dæ for slag konge denne jødekongen?

Ingen veldige hestar med rytterflokkar aa herfolk med klirrande vaapen i endelause rekkjer. Riande paa eit vesalt asen med føle springande omkring seg aa tolv sellar etter uta takt aa orden. Aa dei som møtte fram aa saag paa denne ferda va slet ikje byens beste borgarar, bare arbeiarar

aa smaafolk, slikt som dæ strøymde saa mykje av til Jerusalem i paasketia.

Men til han som kom riande paa asene med sveineflokken sin etter ropa dei: hosianna Davidsonen.

Han tok dæ væl ikje for aalvor Pilatus, daa han spurde Jesus: æ du jødekongen? Eller han maatte tru han hadde ein gal mann fyre seg.

Men Jesus va aalvorleg aa høgtideleg.

Ja, sae han, eg æ ein konge.

Men maa du væl spyrje op att: kva va dæ slag kongedom? kva va dæ for ein konge?

Sikkert æ dæ, at dæ va ingen konge slik som dei store millom jødane hadde tenkt seg han, for øvsteprestane negta han aa sae me har ingen konge anna keisaren.

Endaa dei i mange hundra aar hadde venta paa jødekongen; naar han kom saa vilde dei ikje kjennas ved han. For han va ikje slik som dei hadde venta seg.

Korleis va daa Jesu kongedom?

Mit rikje, seier, Jesus æ ikje av denne verda.

Meinte han med dette at dæ ikje va her i verda han vilde stifte dette rikje sit? Nei, for dæ va netop difor han va komen.

Han meiner at hans rikje har ikje ophave sit i denne verda sine grunnsetningar om styremagter. Hans kongedøme æ ikje bygd paa dei gamle verdslege grunvollar som alle andre rikje, men slik som Daniel saag dæ svivande ned fraa himmelens skyer med den himmelske retferd som mønster i staen for dæ som hadde havt namn av rettferd paa jorda før.

Etter den gamle ordning, i dei rikje som va av denne verda va dæ den som hadde magta over alle andre menneskje i landet som va konge.

Ikje saa i dæ rikje Jesus vil stifte som ikje æ av denne verda. Der æ dæ andre ting som skapar kongsvyrdnaen en magt aa myndigheit over menneskje. Høyr her korleis Jesus sjølv greier dæ ut for Pilatus.

Jesus svara: eg æ ein konge. Dertil æ eg komen til verda at eg ska vitne for sanninga. Kvar den som æ av sanninga høyrer mi røyst.

Men daa Pilatus høyrde dæ smila han vist aa sae: kva æ sanning?

Ska *dæ* vera kongsmerkje meinte han aa fara etter noko som dei kallar sanning, daa veit me iallfal ein ting, at ein sodan konge æ eit ufaarlegt menneskje, ein stakars drøymar som aldri kan koma seg op i høgda aa faa seg magt aa ære.

For dæ viste Pilatus at saa langt som romerrikje rakk aa mykje lenger va dæ ingen som hadde kome seg i høgda ved aa halde seg til sanninga, tvertimot va list aa lygn, fusk aa svik, valdsverk aa draap dei beste, ja nær sagt einaste midlar for den som vilde bli noko saa stort som konge aa som vilde halde kongemagta si oppe.

Men dette va etter Jesu ord merkje aa maale for den sanne konge aa stormann som menneskja bør sjaa op til at han vitnar for sanninga, vitnar med ord aa handling, ja med heile sit liv. Aa dæ same æ merkje paa dei som høyrer til dette nye rikje at dei held seg til sanninga aa læt al lygn aa svik aa fals aa fusk vera langt ifraa seg. Alle sanningsvitne paa jorda, dei som heller hev valt aa li aa tole alt vondt aa stygt en aa slaa av paa dæ dei helt for ret aa sant, desse æ etter Jesu meining dei sanne kongar aa stormenn paa jorda i dette nye rikje som ikje æ av denne verda.

Men har daa Jesus ikje peika noko nærmare paa skipnaen i sit nye rikje?

Jau, dæ har han gjort paa mange staer. Han har peika paa dæ slik at me ser at dæ netop va jenomføringa av dæ som sveiv Jeremias for augo naar han tala om den nye pakt aa som Esaias skildrar med greie ord (33, 22) «Herren æ vaar domar, Herren vaar lovjevar, Herren æ vaar konge, han ska frelse os.» Aa naar Jesus sae: mit rikje æ ikje av denne verda, saa var dæ med den same meining, som naar Gideon svara dei som vilde jera han til konge: «eg vil ikje styre over dyk, aa sonen min ska ikje styre over dyk; Herren ska styre over dyk» (Dom. 8, 23). Dei vilde altsaa at dæ ikje skulde staa nokon millommann millom Gud aa folke, Guds vilje skulde vera den einaste lov; som inge menneskje skulde forvanske, Gud skulde vera den einaste styrar, imot han vart alle menneskje like smaae, saa ingen kunne naa saa høgt at han kunne faa ret til aa by over andre.

Dæ æ netop dette som Jesus seier at kvar den som seg sjølv ophøgjer ska bli nedsett men den som seg sjølv nedset skal bli ophøgd.

Naar den eine vil setja seg op aa jera seg til herre over den andre samanliknar han dei mæ tvo blinde, «tru ein blind kan leie ein blind? vil dei ikje baae falle i grava?» Me æ alle som blindingar imot den aalvise, klaarsynte Gud.

Jesus vilde ikje sjølv eingong ha nokon omfram plass; daa der va ein som kalla han «goe meistar» sae han: kvi kallar du meg go? ingen æ go uta ein, dæ æ Gud» (Mark. 10, 18).

Han vil ikje at dei ska kalle han anna en meistar aa retleiar, men han meiner ogsaa at han æ den einaste paa heile jorda som fortener so høgt namn. «De ska ikje», seier han aat

læresveinane sine som ein væl maatte tru va dei høgste næst etter han sjølv, «De ska ikje vilje heite Rabbi; De ska ikje kalle dyk retleiarar.» Aa likevel vilde han ikje staa høgre over dei en at han kunne seie: «eg kallar dyk ikje lenger tenarar, for tenaren veit ikje kva hans herre jer, eg kallar dyk vener.» (Joh. 15, 15).

Dæ va ein gong at Jakob aa Johannes ba om aa faa ein høgre plas en dei andre. Men daa vart Jesus harm aa helt ein tale til dei om skilnaen paa den gamle samfundsskipnaen aa den nye som han vil inføre.

«De veit dæ», sae han, at dei som jeld for aa vera styrarar over folka dei raar over dei, aa stormennene deira brukar herrevelde over dei. Men saa ska dæ ikje vera millom dyk, men den som vil bli stor millom dyk, han ska vera tenaren daar; aa den som vil bli den fyste millom dyk, han ska vera træl for alle. For jamvæl menneskjesonen kom ikje til dæ aa hava tenar, men til aa vera tenar aa jeva sit liv til løysepening for mange» (Mark. 10, 42—).

Dæ va ein annan gong og at apostlane trætta om kven som va den største av dei at Jesus tok i paa same maaten aa mest med same ordelag: «folka sine kongar styrer over dei, aa dei som har magt over dei kallas naadige herrar. Men De ska ikje jera saaleis. Den eldste blant dyk ska vera som den yngste aa den øvste som den som tener.» (Luk. 22, 25—).

At Jesu lære verkeleg va ei ny samfundslære dæ ser me ogsaa av den maaten som han steller seg paa til dei gamle styremagter. Han framsteller desse styremagter som noko faarlegt som apostlane maa væl agte seg for, dei maa passe seg lik sauer som blir sent mit in i ulveflokken, aa difor vera

kloke som slangar aa einfaldige som duver. Dei maa agte seg for menneskja at dei ikje ska bli overjevne til raade aa hustrokne i synagogane. Dei ska og bli ført fram for fyrstar aa kongar for hans skuld.

Men naar dei saaleis blir ettersette aa forfylgde av styremagtene saa ska dei ikje misse mote men dei ska bare vera glae, for slik lagna hadde og dei gamle profetane. Sjølv om dei bli dømde til aa misse live ska dei prise seg sæle, for dei som bare har magt til aa slaa lekeme i hel ska dei ikje ha nokor fæle. Kong Herodes hadde han ikje større vyrdna for en at han beint fram kalla han for ein rev.

Me ser ogso at dæ som jødane hadde aa klaga Jesus for aat Pilatus va dette at han hadde forvent folke, at han forbau aa jeva keisaren skat aa at han sae seg sjølv aa vera Kristus, ein konge.

Dette va altsaa Jesu kongstanke som jødane hadde saa vondt for aa forstaa aa som mange endaa har vondt for aa forstaa, at kvart menneskje ska staa fullvaksen aa fri som ein konge uta andre menneskje over seg eller som millommenn, bare med ansvar for den evige store Gud. Med sterk hand bygde han brua over til faderhuse, saa at menneskja no skulde sleppe ligge ute som forvilla sauehopar som ikje kan finne heim att men maa søkje ly for myrkr aa uver aa ville dyr hjaa den som æ best væpna til aa kunne verje dei. «De ska ikje lenger kalle nokon paa jorda far daar», seier han, «for ein æ far daar, han som æ i himlane». Alle menneskje ska kjenne seg som brødrar aa systrar i ein stor huslyd, der alle unner kvarandre like gott. Ingen ska høgmode seg sjølv aa vilje jera seg til herre over den andre, bare «kvar som æ fullkomen ska vera som hans meistar», seier han.

Etter Jesu lære æ dæ bare dei smaae sjæler som hev hug til aa raa aa rikje over sine medmenneskje, dei verkeleg store dei veit at med dæ goe kan ein naa mykje lenger en ved magta aa agen, dei vil setje æra si i aa fylje Jesu kongstanke at *den øvste æ den som tener*. Dei smaae sjæler vil sanke alt dæ dei kan vinne av vyrdna aa velde, men dei store hev lært sanninga av Jesu Ord at *d'æ sælare aa jeva en aa taka*.

Dæ va ikje under at dei styrande maatte bli oparga ved Jesu lære. For dæ va ei omstøyping aa endevending av alle samfundshøve: den fyste skulde bli den siste aa den siste den fyste, den høgste skulde koma laagast aa den laagaste høgst. Nett saaleis som Maria saag dæ i aanden: «Han hev jort veldugt verk med sin arm, han hev spreitt dei sund som æ stormodige i sin jartans tanke, han hev støytt dei velduge ned av kongssæte aa lyft dei laage op.»

Endaa æ dæ ikje for seint. Endaa æ Jesu ord friske, hans tankar æ som dogga om morgoen som den tileg vakne kveikjes ved.

Eg veit ikje betre en at me mykjer hardhugen vaar aa læt Jesu kongstankar strøyme in i jartom. For *dei* skulde me hogge palmegreiner aa breie klæa vaare ut paa vegen, ofre vaart liv aa vaare krefter.

Kan hende at me daa vonom før fekk sanne at «dæ som bli gamalt aa foraldra æ nær ved aa kverve bort» (Hebr. 8, 13) aa at Pauli ord høvde for os:

»Timen æ komen, daa me ska vakne op or svevne. Dæ lii med natta aa stundar til dag; lat os daa legge verka fraa myrkre av aa taka vaapna til ljose paa.»

For halvhuga menn aa smaastore sellar tykkjes Jesu klaare ord saa tunge at dei maa vende dei bort aa faa dei ned i inkjevetta. Men for den som ikje æ tenkt aa stanse paa halvvegen lyser dæ som ei himmelstjerne:

«Vere fullkomne som min far i himmelen æ fullkomen.»

«Den som sigrar, han vil eg jeva aa sitje med meg paa min kongsstol, liksom eg sigra aa sette meg med min far paa hans kongsstol.»

«Sæl æ den som les aa dei som høyrer profettalens ord aa varer paa dæ som æ skrevi deri, for tia æ nær.»

«Honom som hev jort os til kongar aa prestar fyre Gud aa sin far, honom vere ære aa magt i alle æver! Amen.» (Openb. kap. 1 aa 3).

Ein ljosveg.

(Eit stykkje or soga om Garborg.)

Han va eit ljost hovu, han Garborg, aa hadde den rette hugens brand.

Men i ungdomsaara hadde han vasa seg in i saa mange tankeflokar at han var komen op i eit ukville der dæ tyktes ingen utveg vera aa finne.

Dæ hadde vorte ille om han ikje hadde faatt tryg grun aa staa paa.

Teologia hadde han røynt va bare som ei botnlaus hengjemyr. Aa politikken? Jau mykje tok han men lite gav, helt aldri dæ han lova, aa byrja ein aa faast med'n saa aat han op sin mann, liksom naar du trakkar paa leira, d'æ kje

lenge, før skoen bli fastsitjande aa du æ gla du bergar foten.

Men sæl Garborg, han fann ein bergingsplanke som bar han over baade myr aa leirdikje.

Denne bergingsplanken dæ va maalsaka.

Som ei openbaring kom dæ, rein aa klaar skein han fram denne maaltanken, lik sol paa høg himmel saa trol aa tuft laut røme.

Her va dæ ikje anna for en aa jeva seg over, for her va dæ verkeleg ei trolteka kongsdotter aa vinne.

Garborg hadde før au havt som ein gohug for maalsaka men denne hugen vart døyvt i alt kave.

Han kom seg inpaa att ved ei bokmelding av Jansons «Fraa dansketidi» i «Aftenbladet», der han bare varsamt held fram at me ska ikje spotte denne maalsaka som «dog visselig er udgaaet fra et oprigtigt fædrelandssind og har samlet adskillige dygtige og hæderlige mænd under sin fane.»

Denne meldinga fek motlegg aa han kom i bardage med slike kallege sellar som Ludvig Daa, Hartvig Lassen, Johan Storm aa K. Knudsen.

«Hot æ dæ for ein liten svein som seg mune tru saa væl» spurde dei alle forbina.

«Dæ æ fulla eg» sa han Arne Garborg.

Aa dei sette kveik i guten. Di meir han bli elt, di meir maa han verje seg aa di jupare maa han sokne i alle nasjonalitets- aa maalgrunnar.

Han gaar ut fraa nasjonalitetstanken.

«Historien har villet forskjellige nasjonaliteter» aa sjølv om maalsaka ikje jer meir en aa «holde oppe bevidstheden om at der dog er noget som heder norsk

aandsliv, den har alligevel fuldstændig godtgjort sin ret til at eksistere.» Endaa me naturlegvis hev «andet og mere at gjøre end bare at sidde og passe paa at ikke vore eiendommeligheder smutter fra os.»

Men d'æ ikje bare for heile folke at denne saka hev vegt.

Einingen (individet) finn ogso her si beste støning. Han seier ein annan sta:

«Dette land skulde efter sin natur og sine vilkaar forøvrigt være vel skikket til at udvikle karakterer, men faktum er jo at vi har forholdsvis lidet af den sort, adskillig begavelse, men en frygtelig mængde ustøhed og usoliditet og en frygtelig mangel paa stolthed og mod.

— — — det er ikke ligegyldigt for individet om det er født i et folk uden selvfølelse. En kraftig sikker nationalfølelse støtter — ligesom udviklet familiestolthed — individets selvfølelse, gjør det tryggere, støere, sikrere paa sig selv, mindre tilbøieligt til at begaa feigheder.»

Dette æ saa sant som d'æ sagt. Menneskja i dette lande hev saa syrjeleg laus undergrun, alt gli ut for dei rett som dæ æ. Ungdomen æ saa fotlaus at han hev vondt for aa bli heilt vaksen.

Dei hev væl ein fyremon som æ av gamal go ætt med vyrdelege ætteminne aa kultur i bloe. Dei blir daa sjelda fullsterke desse heller, fordi ingen kultur her i lande æ botna paa berge men ustø aa veik aa blolaus.

Men landsguten stakkar han hev ingenting naar han blir riven ut av heimens høve.

Om han og kan koma seg in i politikken saa æ dæ korkje nok eller den fulle trygleik alvist for den som ung æ.

Fyst naar norskhugen vaknar i 'n fær han fast grun til aa breie ut sine røter.

Men dæ va ikje bare denne sia av saka som jorde Garborg til maalmann. Dæ va noko anna som kanskje ikje kom fram fullt medviteleg straks, men dæ va likevæl den jupe understraum aa kanskje i røynda den sterkaste drivkraft.

Meir aa meir forstaar han nemleg kor langt aa breit denne saka naar, skynar at han har funni reint ein himelstige som kan bera langt aa høgt in i fridomens nye land.

Han taler paa ein gong ut fraa det jupaste i seg sjølv aa ifraa dæ som ligg aa brenn i dæ norske folke aa ut ifraa krave i tia, naar han seier desse ord aat ein motstrævar:

«Har han ikke lagt merke til at enhver virkelig reformasjon kræver en indsats, en ny ide, et nyt klart grundlag, — — denne katholsk-konservative rædsel for «bruddet» er blevet til en ren mani.»

Al motløysa hjaa Garborg hadde ikje vori denne dekadent-tykkjeløysa, som «gaar og leder og leder og kan ikke finde sin egen grav» dæ va bare vantrivna i dei gamle tankeheimar aa vaarens sjelvande lengting etter ein ny somar. «*En indsats, en ny ide, et nyt klart grundlag*» — dæ va dæ netop maalsaka bau, den einaste fullgreie tanke som fans i Norig. For her va dæ korkje fusk eller avslag. Hugheilt aa djervt vaaga her for fyste gongen dæ norske folk aa reise sit individuelle merkje, aa dæ va eit revolusjonært merkje, eit merkje som preika brot mot tradisjonar aa autoritetar aa opna veg for autonomie.

Maalmennene dæ æ folk som ikje hev dæ slag vyrdna for dæ «bestaaende«. Den skipnaen som hev vori haldi oppe i fleire hundra aar her i lande blæs dei aat. Kva kjem dæ os ved, seier dei, kva dei komanderar desse lærde skulemeistrane i regjeringskantora! kva skil dæ os om saa baade

stat aa kyrkje staar samstelte aa seier: saa aa saa ska de skrive for saa skriv me aa me, veit dæ væl for me hev lærdomen, aa slik staar dæ i alle bøker. Nei seier maalmannen dæ kan væl vera gott nok for dyk som talar slik, men saa vil me og ha ret til aa skrive som me talar, æ dæ gott nok til aa tala med so æ dæ au jamen gott nok til aa skrive med.

Sanneleg den bondemannen som torer vaage aa tenkje saa frit han hev jort eit dugelegt sprang. For æ dæ noko som hev seti fast i folke vaart saa æ dæ vyrdnaen for dæ som æ prenta. «Dæ maa vera sant for eg hev set dæ i blaom» sa dei i gamle dagar. Bibelen trudde mange va skreven paa dansk fraa fyst av, dansk va dæ heilage maale. Ja alt som va prenta sto som ein heilagdom for folk. «Du maa ikje øyeleggje den heilage skrift» sa dei oppi Nordland naar baana reiv sund saa mykje som ein avislap.

Al denne vyrdnaen hiv maalmannen overende, han seier: eg æ like saa go kar som baade presten aa futen aa hev eg sagt saa aa saa, æ dæ jamen gott nok til aa bli skrevi saaleis au. Han kastar fraa seg al framand autoritet, hans eigen tale æ den einaste autoriteten han ser etter, aa vil han jera nokre praktiske aatvik til andre saa bli dæ hans eiga sak men aldri kan han vedkjenne seg slik vyrdna for dæ tillærde at han jer vald mot naturen.

Maalmennene seier: me vil ikje vita av slike autoritetar; me tek sjølve vaar lagna i vaare hender, byggjer paa dæ grunlag me sjølve finn æ vitugt, me gaar etter livsens eigne lover aa hev ikje bruk for andre.

Maaltanken kom fraa fystninga saa blug aa forøven at han bare vart lædd aat, dæ va nok faae som skyna at denne guten vilde bli heiltop ein tankesprengjar i norsk aandsliv.

Men den vesle gneisten hev loga op til ein heilag eld aa lyst op vegen for alt framstræv aa fridomsarbei i lande; alt ifraa tame liberale aa til anarkistar, fraa maaltanken hev dei faatt baade kveik aa kraft.

Garborg va av dei som ikje eva seg lenge.

Han slepte seg til aa drakk av friske kjelder, aa han yngdes op, vart sterk aa gla.

Han va ikje slik laga at dæ va nok for han aa tala aa skrive *om* ein ting, han maatte *leva* for den nye tanken.

Han grunlae maalblae «Fedraheimen», styrde dæ i 7 aar aa arbeidde sea trottugt i dæ alt til dæ svalt ihel.

Med den nye faste grun under føtene fekk han snart meir ro i hugen aa klaarskap i tankane.

Han kjem seg no heilt oppaa den bakken, som han i mange aar hadde stræva med men ikje heilt kunne greie. Eg meiner toleransetanken. Den breier seg no ut for han i full klaarskap baade i vidda aa paa jupna. Me ska ikje bare tola kvarandre i smaae skilsmaal aa slaast paa livet laust naar det jeld kristendom aa slike store ting. Strien millom kristendom aa heidenskap meiner han no kan ikje kjempas tilende, dei maa frit faa gaa ved sia av kvarandre. Nei intoleranse æ kje anna en rædhug, men tolerance æ tru. Aa difor maa aandsfridom vera vaart fyste krav, fridom til aa tenkje, tala aa vilje, «ein tanke som hev vakna kan aldri tynas, men uklaar tanke kan klaaras aa rang rettas, naar han møtes med den klaarare aa ljosare aand.»

Men folk tolte endaa ikje slike heilslege tankar, aa saa maatte han mest fylle blae med politik. Aa politikken va

komen seg saa paa gang, dæ va fart i folk som aldri før saa dæ tyktes kunne bli til noko der.

Difor trur Garborg at ein kan naa lengst ved at fylkinga æ samla aa sterk. Chr. Bruun som han i fystninga va saa gla i fordi han va saa «full av ungdom aa eld, mandom aa aalvor, saa heilt ijenom sann, hjarta i kvart ord, aa dæ stend ein livande mann bakom kvar tanke» — han synes at Bruun jamvæl gaar for vit, naar han vil mane fram republikanarane i lande til aa arbeie ope for sine meiningar.

For at slike spursmaal kan takas fram, meiner Garborg, maa dæ «fyst hende eitkvart: det maa koma noko som eggjar folk op, som jer dei opglødde eller harme, noko som i seg sjølv hev magt til aa dra folks tankar i den lei — ska ei sak koma op i live, under forhandling.»

Men eg spør deg rett, kva dæ i al verda ska bli til framgang, naar alle folk bare ska sitje rolege aa vente paa kvarandre aa ingen tek ophavstake, ingen hev mandom til aa tala ut. Kva æ dæ daa for hendingar som kan jeva verda ein støyt framover? Æ dæ eit kongelegt diktamen, eit stortingsvedtak eller eit politisk val? Eg tenkjer d'æ ein annan ting som daa æ verd aa nemne (ja den einaste ting som æ verd aa nemne) aa dæ æ naar nye tankar renn op aa set paa i mannahugen. Slikt æ storhendingar som kan setje sving i heimen.

Han fær nok snart røyne dæ sjølv Garborg, korleis han æ laga denne politikken med alle sine «hensigtsmæssighedshensyn» der dei kalde institusjonar æ alt aa dei friske spretttande renningar ikje fær ovre seg, men dæ bli utplukka ein del kurante saker aa kasta i ein programsekk som daa folk

ska ha aa bala med i heile tri aar. Dæ va ikje alt som budde i Garborg som fekk rom i denne sekken. Naar dæ brenn aa sy av livsens jupaste krefter i eit menneskje saa æ dæ i personlege former ein einast kan ande aa leva. Aa dæ va som eit livsvilkaar for han aa faa ande ut av full bringe.

Liksom ein drivande pengemann ikje fær fre for han hev sett pengane sine i omlaup i bygningar aa maskinar, saaleis fær heller ikje ei kunstnarsjæl fre før han fær sett sine aandelege kapitalar om i «reelle verdier», før han fær forme dei ut i individuelle skap saa menneskja fær nyte aa bruke dei.

Men dæ va dette som va saa vandt for Garborg, dæ tyktes vera saa umogeleg som aa klive op etter veggen.

Den som reiser nye spursmaal for slegta seier han «ropar i eit tomt rom. Ingen svarar, berre dvergmaale slengjer hermande aa speande hans eigne rop attende.»

Naar rennande vatn naar ei hindring veit De at dæ maa stanse. Naar hindringa æ bare urder aa treiæger bli dæ ei myr, men æ hindringa eit berg saa demmes vatne op saa høgt at dæ blir ein sjø. Aa naar sjøen bli stor tek menneskja til aa laga baatar aa skip paa sjøen aa rydje aa byggje kringom strendene.

I bringa til Garborg var dæ ikje myrlendt lenger med gyrmevatn aa lyngtuver millom men dæ fløymde op til sjøar med klaart vatn som spegla av baade menneskje aa dyr aa hus aa heim, aa sjølv stod han ved styre paa si nybygde skute.

Eg meiner dæ va daa han vart diktar.

Aa sjø vart dæ etter sjø, bok etter bok, den eine bare jupare aa fagrare en den andre.

Aa dæ vart norske sjøar, ikje runde grunne kjønnar men lange aa jupe som store breie elvar fyllande heile dalbotnen, aa lia staar fraudig aa frisk paa baae sier.

Lange sjøar som alle strekkjer seg i same lengdelei bare bundne saman me stutte straumar aa stryk.

De veit at d'æ slik med norske dalar aa fjordar, at rett som dæ æ tykkjes alting aa vera stengt av bratte berg saa ein trur at *der* maa verda ende aa ein kjem ikje lenger.

Men traust stend Garborg ved styre. «Tanken jev arbei, tanken jev sut, men slegta maa tenkje sine tankar ut, syng han. Aa dalen opnar seg, nes etter nes. Aa jenom fjordar aa straumar fører han os til me fær ein glimt av have, dæ store heimshave.

Løys bande!

I.

Some seier: dæ nyttar inkjenoko aa løyse paa bande, fyrr ein fær knuten avhoggen. Samfundsskipnaen no æ i eit slikt fløkje at den eine vasen bind den andre aa d'æ ingen som kan greie op i'n, anna ein maa jera reint bord aa byggje op att alt fraa nyo.

Aa dæ æ greit at gamle hus aldri kan bli saa laglege som nye. Men saa lenge at d'æ saa mange av buaran i huse som likar seg gott der eller æ nøgde mæ dæ som æ aa rædde alt nyt, daa æ dæ ikje moro aa vera rivar hell.

Dæ nyttar lite for nokre faae aa preike at no ska me til aa rive, dersom folk ikje æ laga aa huga paa aa byggje nyt aa dei veit korleis dei vil planleggje dæ nye huse.

Men gamle bygningar kan falle lel, om ingen va tenkt paa aa rive, naar dei bli for gamle aa stormen eller elden fær tak i dei.

Aa inkje noko europæisk samfund æ trygt anten for eldsvaae eller stormskae. Dæ kunne gaa fort fyst dæ braut laust aa ingen som bur i gamle hus kan nokor ti gaa fulltryg.

Naar dæ kunne bera iveg jamvel i gamle grunstøe Norig i 1814 kan ein ingen sta vera sikker.

Ingen kan gaa dæ før dæ slær ned som eldinga. Lufta kan vera i gneistring aa bare vente paa ein tilstøyt saa brakar dæ laust. D'æ alt gneistring i lufta. «Kven kan svara for at ikje brake kan vera over os om eit par aar plent som dæ va over pariserfolke den 18de mars, eit bel daa dei yttaste stormkaran som va kjende mæ folkedomen sae at dæ va ikje noko aa jera meir i Paris.

Kven kan svara for at ei stormri eitkvar aare kan byrje aa skaka Rom eller Berlin eller Paris eller Vien ved eit eller anna kast av ein Crispi eller Vilhelm, eller ved ein braastøyt i industrien eller eit tap i ein europæisk krig. Aa bryt fyst uvere ut ein eller annan sta i Europa daa kan dæ fulla hende at samfundsbøygen fek stige paa bønstolan net som i Paris i 1848.»*)

D'æ kje moro for nokon aa bli ute for eldsvaaen eller stormria, anten ein saa æ heimkjær eller likesæl med dæ gamle. Dæ vil i alle fal bli ei lang røre til ein fær skipe seg til med dæ nye.

Kor som æ va dæ no altid best aa vera budd paa baae, saa at dersom stormria kom, ein viste korleis ein vilde grunleggje nye heimar.

Ingen kan skapa eller jera slike storskrier, dei maa jera seg sjølve. Dæ einaste ein kan seie æ dette: her æ saa ille

*) P. Kropotkin.

at dersom dæ ikje fins andre utvejer bli trykkje saa hardt at dæ maa springe aa daa æ dæ liksaa gott at me fær augo op for dæ straks saa tia fær mogne fortare en at millionar menneskje ska lie i utrengsmaal.

Elles kan ingen vita om alle stormver endeleg maa koma saa harde at dei riv folk over ende.

Dæ kunne alt jamnas ved ein storstreik saa stilt aa fredeleg at ingen fek mein av dæ. Altsaa paa den maaten at alle som var misnøgde med dæ gamle stelle seier: no vil me ikje meir før dei som held att med magta jev etter.

Men dæ kan ikje nytte med slikt eller før folk blir samstelte, modige aa intelligente nok aa kan sikre seg underhald i ventetia aa veit kva dei vil aa æ budde til nye arbeismaatar aa nyt stel.

D'æ mykje att aa jera før ein kunne bli fullt ferdig med dette.

Ja kan hende at dersom ein jorde fullgott fyrearbei ein reint kunne faa bøygt unda hardstøyten, ialfal some staer.

Ein saar verk kan ein lækje anten ved aa sjera bort dæ sjuke med kniven eller ein kan naa dæ paa den inre vegen, styrkje kroppen aa bloe saa alt uheilt maa røme bort.

Ein kan jera armostrykkje ordhagt aa framtalande saa dæ fær vakt sovande viljar, klaarjort tanken aa stælt hugen. Dæ kan bli jort denne «menneskeaandens renvotering» som Ibsen talar om saa at folk blir meir vituge til aa sjaa sit eige beste, nemleg at ingen paa lengda staar seg paa den samfundskrigen som no æ, ein mot alle aa alle mot ein, aa dei av eiga drift tek til aa byggje nye slag heimar uta aa vente til dæ gamle fell.

Me kunne trenge ein hugvendar lik Johannes som ropa at øksi alt ligg ved rota av treom aa difor ska kvart tre som ikje ber go frukt bli avhogt aa kasta paa elden.

Ja sanneleg slipte økser ligg dæ grinande ymse staer aa lurer paa os, dersom me ikje varer os med d'æ ljos dag.

Men tungt æ dæ aa gaa til stokken aa skrifte ingrodde synder aa med dæ same taka av seg gamal uretferds plag som ein hev sleti med hugna.

Ikje før heile kyrkja kravde dæ som vilkaar for evigt liv aa sæle eller dei saag øksekjeften blinkande imot seg.

Dei leitar daa før i lengste lage etter om dæ ikje kan finnas nokon annan utveg til aa smette ifraa knipa aa fraa tia for seg til aa omraa seg. Dei kan nok daa finne seg i aa vera lite grand mjuke, naar dei bare slepp aa hugmykje seg aa vera audmjuke.

Dei brukar alle sansar til aa hitte utvejer.

Fins dæ daa slike utvejer?

II.

Dei seier:

D'æ kje me som æ skuld i al ugreia. D'æ ein mann som staar over os aa som taumkøyrer baade os aa Dyk. Dæ æ Staten. Gaa til staten, d'æ han som hev bundi, d'æ bare han som kan løyse paa bande og.

Aa saa gaar dei misnøgde til staten.

Men kringom staten æ dæ mange murar aa mange dører i kvar mur, aa mange laas i kvar dør, aa mange nyklar til kvart laas aa mange jøymsler for kvar nykjel. Om dæ kjem nokon aa bankar paa statsporten saa høyrer ingen dæ.

Dei maa nok vera mansterke aa endaa dundre baade hardt aa lenge ska dei faa paa glyt ei dør der saavit at portnaren kjem fram.

Men d'æ nok ikje tale om aa faa koma lenger. Den som ska faa tala med staten maa fyst sende fyrebo, kanskje 3 aar i fyrevegen.

Aa endaa æ dæ ikje andre en visse slag folk han tek imot, men sjølv desse fær ikje koma til ords uta at d'æ visse slag folk som hev sent dei, dæ maa jamvel vera eit fleirtal av visse slag folk som hev sent dei.

Men om dei og langt om lenge fær koma til ords æ dæ ikje sagt anna en at dei talar for dauve øyro.

Staten seier: eg kan ikje høyre paa Dyk, naar alle andre talar imot Dyk. Eg maa rette meg etter dæ som dei fleste seier av dei som her æ komne in.

Daa maa dei freiste aa jæte saa vel ved portan at av alle dei som slepp in bli dei fleste slike som hev same meiningar aa krav som dei sjølve.

Dersom saa endeleg naar langt æ lei dei fleste røyster av dei inkomne lyfter seg for eit krav høyrer staten etter aa seier bare: eg fær tenkje paa dæ daa.

Men alle veit at dæ veks ikje gras bare avdi staten tenkjer. Aa sjølv om staten etter lang overtenkjing kunne faa dæ til aa vekse nokre grasstraa veit De at dæ saa ofte hender at kua døyr med grase gror.

Kva æ dæ saa dei krev av staten?

Dei krev at han ska jera lov om 8 timar arbeisdag.

Men sjaa no «amerikanske, engelske aa belgiske arbeiarar dei blandar ikke aatte-timedagen saman med dæ sosiale spursmaale. Dei vilde einast plukke aat seg om dæ va bare ein neve ul av sauen. Plukke'n sjølve, ikje tigge. Lite grand samstelte, lite vetta tiltak, ei større eller mindre streik aa dei fekk nedsett arbeistia sjølve».*)

Dersom ein bare ska vente seg noko av staten maa ein vente aa stræve i aarevis. Men dersom dei æ karar til aa

*) P. Kropotkin.

skaffe seg noko sjølve æ dæ ikje lenge før staten kjem attpaa av seg sjølv aa vil ta æra aat seg aa jer ein lov av sin naade om dæ som alt æ eller held paa aa bli jenomført.

D'æ mange staer at vituge arbeidsherrar av seg sjølve hev sett ned arbeidstia fordi dei finn at dæ løner seg. Men saa bli daa arbeie drevi hardare dæ bele dæ staar paa.

«Eg hev minka arbeistia til 8 timar dagen», seier ein amerikansk gauve, «aa jamvel uta aa omvøle maskinan fær eg dæ same av dei paa 8 timar som dei før jorde paa 10 timar. Saa eg fær ei reinvinning paa store pengar av dette.»

Men arbeiaren kan og vera liksaa trøytkjøyrd av desse 8 timar som han før va av 10. Dæ bli sett større krav til arbeiaren daa mot no aa den som ikje held maal bli skoten for glug.

Dei krev at staten ska skaffe alle frit brø.

Dette ser saa jilt ut.

Men dæ vart no for dæ fyste ein heil haug nye embætsmenn aa halde med kost aa løn.

Kunne dæ daa ikje vera godt aa halde seg til i streiker?

Aa nei staten fek dæ nok i si magt aa stanse alle streiker daa, han bare stansar brøutdelingar baade aat streikarar aa andre som han ikje lika aa dæ kunne bli vondt nok aa faa brø tilkjøps dertil.

For kvar ein ting som staten jev vil han hava meir velde, dæ kan ein lite paa.

For jarnvegsarbeiaren i Frankrig æ dæ alt jort ein lov som legg straf paa dei dersom dei sluttar arbeie. Dei fær ikje lov til aa slutte seg ihop i samlag ein gong.

Alle som tigg maa finne seg i aa bli hundsa aa medfarne som trælar av den som jev dei noko. Den som ber

staten om jelp aa verjing maa finne seg i aa bli sett under statens kontrol.

Daa kunne ein ha grun til aa vente seg meir av ein komune eller herad alvist naar desse va saa smaae, at ikje maskinverke aa velde vart for stort. Men dæ va vel aa fæle for at staten altfor snart vilde bli mønstre her og.

Tale paa dei som fekk offentlege postar vart større aa større, dei kom til aa slutte seg saman i ringar som vilde vera av jævare slag en andre folk. Dei vilde bli misunt av dei som sto utafor, alle desse som hadde namne av evner aa tiltak vilde bruke sine evner til aa koma in i ringen aa halde sine medtevlarar borte aa bøye ryggen for dei styrande eller bele etter folketykkje for aa bli valt in — istaen for aa bruke kreftene sine til framjelp av arbeide aa betring av livsvilkaara. Dæ private initiative, som æ den største kraft i samfunde, vilde bli knekt eller døyvt, i alle fall ikje koma til sin ret.

III.

D'æ endaa ein veg som ein lyt røyne ut før ein triv til hardraaer.

Dæ va om ein kunne beinke dæ til med frie freistnaer aa tiltak.

Baade æ dæ saa mange slag av dei aa d'æ mange av dei sett i verk aa endaa mange i jerdom aa endaa fleire i tankom — at d'æ ikje saa endetil aa døme om dei ber den rette eller galne vegen.

Individualistane trur ein kan koma langt paa den maaten, Kropotkin æ ræd dæ kan snøgt gaa i baklaas mæ dei, aa at dei ikje kan føre til noko heilt. «Fridom» (namnen vaar i England) dømer slik:

«Me likar den frie samanslutning av arbeiarar i fagforeiningar aa alle slag frie samlag med meining om aa stevle mot pengevelde aa halde fram i einiga arbeiaren sin ret til sjølv aa styre arbeie sit aa sjølv nyte frukta av dæ.

Me ser og med samhug paa alle freistnaer til ko-operasjon i produksjonen aa distribusjonen (samverking i draatten aa bytinga) naar dei æ grunna paa fridom aa lik vinning aat lagsfolka.

Me trur at alle slike framtak æ lærerike ved dæ som dei tilstemner aa ein go skule for samarbeie i framtia til aa styre industri aa jordbruk aa byte draatten. Men me æ fullvisse paa dæ, at meina aa uretferda i dæ økonomiske stelle no, ikje kan faa endelykta si ved slike freistnaer.»

Sosialdemokraten F. Linderberg trur at fagforeiningar aa «andelsselskab» vil vera dei beste emne for stat aa komune til aa skapa sosialstaten av.

I fyljande hefte ska me freiste aa taka eit omsyn aa røyne ut korleis dei æ laga aa kva dei kan føre til ymse slike *frie tiltak* som anten æ framkomne eller æ i jerdom.

Ein offentleg mann *).

Olav Dalen va ein staut aa spretten gut. Rik va han og. Men neimen om dæ va nokor jente som vilde hava'n. Aa dæ va ikje fordi han bruka vienæstingar aa pinnar til aa halde klæa ihop med istaen for knappar, men endefram fordi han va slik ei agaløyse til aa tala aa domenere om alt som fans, saa dæ jekk jetord om han vie leite, aa bla helt

*) Brotstykkje av eit større arbei.

han saa stygge aa fæle at dei ikje jorde anna en rive ned baade paa prest aa klokkar rejering aa storting, kongar aa formanskapsmenn, ja alt som gamalt aa heilagt va.

Men saa va dæ far til den jenta han jekk etter. Han vilde jenne ha den rike guten til maag kan ein vita. Han kom fram med den tanken at dei fekk sjaa til aa velje 'n Olav in i eitkvart, saa kunne dæ kanskje bli folk av han og. Dæ va ein sløging denne gamlingen aa saa sa'n ti guten, at vilde han vera stø aa stelle seg litt vitsleg saa va dæ ikje urimeleg anna en at han kunne naa langt fram som hadde slike evner.

Ja dæ jekk ikje likare til en at Olav vart vald in i tilsynsutvale der i grenda. Straks kom han no saman med andre folk en han før hadde vori van ved, aa han jorde seg verkeleg dæ brye aa sy i att alle knappan i vesten sin. Han maatte liksom sjaa noko betre ut no sea han va komen med litt.

Dæ va nokso jildt aa vera komen litt lenger fram en jamaldringane sine aa han hadde slet ikje noko imot aa koma med i sjølve skulestyre. Verkeleg brukte han sine evne aa tok seg saa av skulestelle heime i grenda at formanskape fann paa aa velje'n in i skulestyre.

Her kom han saman med eldre menn fraa heile bygda aa her maatte han nok reint leggje bort galskapen skulde han bli agtande. For dæ fyste kjøpte han seg daa eit par «bramanstyvlar» med loden skinkant for aa sjaa lit anstendig ut aa ikkje vera so let aa ungdomsleg naar han jekk. Dæ tok seg gott ut aa vera noko tung paa føtene. Han tok no for seg aa studere skulelova vel aa dæ va hans største moro naar kan kunne setje dei eldre mendlemer fast i ein eller annan paragraf. Folk vart forundra paa kor svert han Olav hadde teki seg op aa dæ begynte bli snak paa at dei

gott kunne setje'n in i formanskape, iser daa han hadde gifta seg med den jenta han hadde fritt til saa ein kunne vera tryg for han i den vegen.

Jau han hadde lykka med seg. Naar dæ lei eit par aar vart han vald in i heradstyre aa dæ til formann med ein gong. No va den unge mannen komen mitt blandt fedrane i bygda. Aa no jekk dæ ikkje an aa fara med den vesle rundtrøya lenger, han fekk seg frakk med tvo skøytar paa, aa endaa kosta han seg utapaafrakk med fløyelsopslag aa ein rau fin halsklut aa stor salmebok med gullsnit saa han va heilt vyrsleg aa sjaa til naar han kom inover kyrkjegolve aa sette seg i ein av dei fremste benkjene.

Dæ som no sveiv han i hugen va om dæ kunne stelle seg saa at han vart ordførar.

Dæ va ein gamal bonde som va ordførar, han va ingen sver kar i pennen, dæ vil seie han stila bra, men teikna sette han berre paa ein slump aa bokstavane va skeive aa skakke, store og smaae om kvarandre.

Olav hadde nyleg gaatt paa skriveskule aa hadde lært seg til aa jera nokre jilde krusar paa kvar bokstav aa han mora seg med aa maale namne sit saa stort aa fint som dæ va raa naar han skreiv under i protokollen.

Dæ kunne ikje vera tvil om anna en at han Olav maatte vera ordføraremne, han maatte kunne føre protokollen aa skrive avskrifter som det inga bygdeskam vart aa sende baade til fut aa amtmann. Aa dæ va dæ sermerkte med han Olav Dalen at dæ va ingen som hadde noko viare aa seie paa han; han vart aldri sint saa han støytte nokon, men tok alt saa roleg aa jamt.

Han hadde reint lagt av det kaate munslarve han hadde som gut, uttala seg aldri før dei andre hadde tala fraa seg, men paa slutten av møte sae han si meining stut aa verdig,

aa merkjeleg nok va mest alti hans meining den som fekk fleirtale med seg.

Om eit par aar vart han ordførar. Dette medførde den forandring i hans ytre at han kjøpte seg skinluve aa ulvskinspels, helt ein traavar aa køyrde saa vi aa brei som ein fut jenom bygda. Aa i hans inre kom den tanken op, at dæ slet ikkje kunne vera nokor hindring for han jamvæl aa bli stortingsmann. Kunsta va væl i grunnen den aa halde seg fram men ikje for mykje aa so passe paa ikje aa prostituere seg.

Naar dæ lei til den tia folk skulde ordskiftas om storthingsvale vart dæ straks nemnt ein heil del tingmansemne. Men dei som fyst vart nemnde vart og fyst strokne, for dæ kom op saa mykje leit om dei i avisene, dels lygn aa dels sant, at dei vart umogelege. Aa daa dæ lei nærmare inimot vale vart dei mest ibeit for kandidatar. Dæ var some som tok til aa nemne frampaa om Olav Dalen som ein tenksam aa sindig mann med jupe grunnar. Men dæ var ingen ret som viste kor han sto i politikken. Dei radikale avisene hadde han naturlegvis skilt seg med daa han kom in i skulestyre, no helt han baade høgre aa vinstrebla saa ein ikje kunne dra slutningar derifraa hell.

Naar dæ kom ein høgremann til Olav Dalen aa spurde kva han meinte om politikken saa svara han Olav bare som saa: — ja kva meiner no du daa Nils? — So tok daa Nils til aa leggje ut si meining. Daa sa'n Olav: — Ja eg ser nok at du hev tenkt jupt i den saka du Nils aa d'æ mange grunnar som talar for at dæ maa vera som du seier, men d'æ eit stort aa vanskelegt spursmaal saa ein maa prøve aa granske dæ fraa alle sier. Men som sagt dæ æ svert mykje i det som du seier —.

Aa dei vart fine vener.

— D'æ ein jup kar — sae han Nils sea, — eg fekk ikje netop ut heile hans meining men eg tykte no forstaa at han helt med meg i grunnen.

Naar saa han Jon Botten, som var vinstremann kom til Dalen saa stelte Olav seg plent paa same maaten, riste paa hovue, sae hm! aa saag saa reint forstaaelsesfull ut til alt som Jon sae.

— Dæ æ ein klok kar Olav — sae Jon sea, — han veit nok kva han vil den guten, han sa dæ ikje vist netop, men eg fekk no den trua at han maatte nok vera vinstremann ja.

Dæ va mange som kom til Olav aa tala om politik, han let dei alle tala ut saa dei trudde Olav va einig med dei. Men den nytten drog Olav ut av desse samtalane at han fekk den beste greie paa korleis den politiske partistilling va i bygda.

Tet inunder vale skulde dæ vera eit stort politisk møte for heile valkrinsen. Det vart tala att aa fram saa mange vart reint fortulla. Tilsist vart Olav Dalen spurd om si politiske stilling. Han steig fram aa tala stut aa greit:

— Naar eg med æ sett op som tingmansemne æ dæ mi pligt aa klaarjera mi stilling. Etter lang gransking aa overtenkjing æ eg komen til den faste forvisning at eit retferdig politisk krav no for tia æ samla i desse tri satsar [som han daa las op] aa paa dæ programe kan eg som ein sjølvstendig aa ærekjær mann ikje slaa av dæ minste. Anten eg blir valt eller ikje dæ æ meg dæ same, eg hev mit faste standpunkt uta prutning aa avslag —.

Denne talen jorde intryk paa forsamlinga, eit prinsipfast program aa karakterens støleik som dei faafengt hadde leita etter saa lenge dæ fann dei endeleg hjaa denne mannen.

Vale hans va sikra.

Daa Olav Dalen kom in i stortinge aa sette seg ned paa plassen sin i den mjuke stolen der han seig som bort fraa seg sjølv va dæ bare rom for ein tanke i hugen: so gott hev eg aldri i mine dagar seti. Aa eit ynskje blanda seg i denne tanken: den som kunne faa sitje saa mjukt til sin døyedag daa sto dæ ikje paa aa leva. Aa dæ vart no maale for hans stræv.

Dæ galt aa stella seg ret ifraa fystninga, aa han forsto at stemte han alti med fleirtale saa va han sikrast. Likevæl kunne dæ koma mange saker som han ikje hadde dæ minste greie paa aa ikje kunne jeta seg til utfalle av men daa kasta han bare augo burt til ein av dei gamle partihovdingane som han viste va sikker aa jore bare som han, reiste seg eller svara ja eller nei, fast og greit lik den som va fullsikker i si sak. Dæ va bare ein sjelda gong naar namneoprope raakte til aa byrje med namne hans at han kunne koma til aa bomle.

Han lika bylive gott, Olav; han kunne alti bli noko trøyt naar møta drog for langt ut, men dæ va noko som fylgde med plassen aa som han laut finne seg i. Dæ va snille folk i byen, han vart been med i lag, mat og dryk av jildeste slag, aa aldri syntes han at ein vinter hadde gaat saa fort, dæ va med gruv han tenkte paa dei lange vintrane der heime, der nokre faae menneskje sat pakka saman kringom ei lita lampe heile kvelden aa ute va dæ myrkt aa ufyse. Den som bare kunne faa bli her al tia eller utetter nokre aar ialfal, dæ va alt han hadde aa stræve for.

Naar varmen vart for streng om somaren vart dæ nok gott aa sleppe heimatt endaa dæ varde ikje meir en ein maane, for dei som sat paa tinge no hadde vorte saa druge til aa snakke at dei ikje kunne bli ferduge paa nokre maanar men maatte vera tilsaman heile aare mest. Dæ va nok hardare

aa halde ut men di meir pengar tente ein paa ein letvint maate, saa han va noksaa gla i dæ likevæl.

Aa Olav Dalen va den mann som viste aa stelle seg saa han vart attvald gong paa gong; han fekk si politiske teft meir aa meir utvikla saa at naar han skyna veljarane svinga litt til ein eller annan kant saa svinga han etter.

Han bare gruvde seg til den tia naar han maatte slutte. Lite vilde han daa faa til aa leva av og, daa gardsbruke hadde vori forsømt alt ifraa den ti daa han tok til aa vera med i politikken.

Han hadde nok helst set at han haddc faat komi med in i rejeringa, sjølv om han laut gaa ut att om nokre maanar saa vilde han daa likevæl vera sikra pensjonsgraut for levetia. Men dæ vilde aldri gaa endaa han va paa nippen mangein gong.

Han forsto aa sikre seg sit paa ein annan maate.

Dæ politiske partie som han repræsentera heime kom i mindretal paa stortinge aa sjølvfyljeleg va dæ dæ andre partie som kom in i rejeringa. Likevæl kneip dæ hardt for ho aa berge seg, ho hadde nær vorti kasta med ein gong hadde ikje Olav Dalen jort utslage ved uventa aa svike sit eige parti aa jeva ho si stemme. Dette va berre ein maanes ti fyre nyt storthingsval. Olav Dalen vart naturlegvis ikje jenvald, men han fekk dæ han hadde sikta paa med dette kupe nemleg eit hyggjelegt postmeistarembætte paa 5000 kr. ikje langt fraa heimstaen sin.

Oslo Prenteverk.

Paa mit forlag er utkome:

Anders Hovden:

Odd

—›·› Forteljing ‹·‹—

Pris heft. kr. 2.50, innb. 3.50

Heimhug

Dikt

Pris kr. 0.50.

Sviv

Dikt

Pris kr. 0.50

Mot innsend betaling fær ein bøkerne fritt sende i posten.

A. Garathun,

Grubbegata 2, II.

Oslo.

Oslo Prenteverk

tek no imot

Prentingsarbeid av alle slag,

gjer arbeidet baade **snart, godt** og **billegt.**

Merk: **Det vert *ikkje* lagt paa dei 20 prosent for maalsats. Landsmaalet vert prenta likso billegt som dansk-norsk.**

Blad og tidsskrift

kan faa baade billeg og god prenting, og billege ekspedisjonsrom.

Smaaprenting *(accidens-arbeid)*

tek me og imot, og gjer det snøgt og billegt.

Utanbys folk bør helder ikkje gløyme *Oslo Prenteverk* naar det er noko dei skal ha prenta. — Rekningsbrev, konvoluttar, lover for ungdomslag og andre lag, songar, visitkort o. sl. — Skriv berre til

Oslo Prenteverk,

Akersgata 73 b,

Kristiania.